

Skyss, Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 27.10.2015

Vår ref: 2014/428 - 20940/2015 / 025

Dykkar ref:

Trafikkplan Sunnhordland

Uttale til trafikkplan Sunnhordland frå enkeltpersonar, Høgskulen Stord Haugesund (HSH), studentparlamentet og studentsamskipnaden HSH og Huglo bygdelag. Uttalane er lagt ved.

Med helsing

Mariann Jacobsen Hilt
Kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift



Til ungdomsrådet
Stord næringsråd
Sagvåg næringsforening
Heiane næringsforening
Leirvik sentrumsforening
HSH
Stord sjukehus
Stord vg skule

Stord kommune skal saman med andre kommunar i møte med Skyss for å kome med innspel til premiss for omlegging av rutenettet 28.09.15 kl 1200.

Me tek gjerne med oss innspel til møtet dersom de har umiddelbare kommentarar.
Som de ser vil det for kommunen vera frist for innspel 28.10.15. Eg ynskjer å legge opp til ein brei høyringsrunde, og kjem til å legge vekt på at prosessen må legge tilrette for dette.

Mvh
Liv Kari Eskeland

Vi skal i møte med
Sendt fra min iPad

Fra: Liv Kari Eskeland[liv.kari.eskeland@stord.kommune.no]
Dato: 09.10.2015 13:54:05
Til: post stord kommune
Tittel: VS: Innspel til bussruter

Gjeld innspel til trafikkplanen

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Sigurd Huglen
Sendt: 9. oktober 2015 13:12
Til: Liv Kari Eskeland; 'Harry Herstad'
Emne: Innspel til bussruter

Innspel til bussruter. I samband med vurdering av bussruter i Stord kommune er det svært fint om dette innspelet kan takast med vidare (sjå vedlegg).

Med venleg helsing

Huglo Bygdelag

v/ Sigurd Huglen

Stord kommune

v/ Ordfører

Innspel til bussruter.

Dato: 09.10.15

Viser til bladet Sunnhordland der det kjem fram at kommunar kan koma med innspel om bussruter til fylket innan 23. oktober 2015.

Huglo Bygdelag har to nye innspel til bussruter. Desse er:

1. Bussrute frå Jektevik til Leirvik, der buss korrespondera med ferja frå Jektevik kl.09:30.


Gjer merksam på at lokal bussrute på Huglo i dag korrespondera med nemnde ferjerute (ferje frå Huglo kl.09:15). Tidlegare korresponderte lokal buss frå Huglo med buss frå Jektevik, noko som var ei svært tenleg kollektiv rute for reisande til Leirvik.

2. Kystbussen kjører fast ned om Jektevik.

Slik det er i dag må reisande som skal nytta seg av kystbussen ringa til ein vakttelefon ein time før bussen er ved Jektevik. Det har ved fleire høve hendt at kystbussen har gløymt å kjøra nedom Jektevik. Dette til fortvilning for reisande. Med særleg tanke på dei reisande som skal nå møte eller reisa vidare med anna transportmiddel er dette svært uheldig. Jektevik ligg tett ved E-39 og det tar svært kort tid å svinga nedom ferjekaien. Tidsbruk kan difor etter vår vurdering ikkje nyttast som argument for ikkje å kjøra nedom.

I tillegg vil Huglo Bygdelag gjera merksam på at noverande bussruter som går til/frå Jektevik må bli som i dag.

Helsing


Huglo Bygdelag
v/ Sigurd Huglen
Leiar

Fra: ina håpnes[ina_audi@hotmail.com]
Dato: 02.10.2015 21:04:25
Til: post stord kommune
Tittel: Hei

Hei ja eg leste noe om at privatpersoner kan komme med innspel til rutene ☺ eg ønsker senere busser til kårevik. No går jo den siste bussen 18.15 fra leirvik. Burde gått busser vertfall fram til 21. Også bør bussene som går til Aker om morgningen gå pittelitt tidligere så de som tar den rekker jobb . Den bør Være på Aker til 06.50 .. Mvh ina håpnes

Sendt fra min Samsung-enhet

Innspel til trafikkplanen

Fra: Stord Næringsråd [mailto:post@stordnaeringsraad.no]

Sendt: 28. september 2015 09:28

Til: Liv Kari Eskeland; Cecilie Berger; 'Turid Fadnes'; 'liv. grimstvedt@hsh. no'; 'Reidun Rasmussen Mjor'; Astrid.Haugland@hfk.no; 'grethe brandsdal'; 'stein braathen'

Kopi: Mariann Jacobsen Hilt; Ove Kvalnes

Emne: SV: Møte med Skyss 28 sept

Hei Liv Kari,

Beklager seint svar på innspel Trafikkplan Sunnhordland.

Det er veldig mykje bra i planen, og eg forstår det slik at planen omfattar busstilbodet i delar av Sunnhordland.

Eg saknar Kvinnherad i denne samanhengen. Det er viktig at ein tenkjer korresponderande opp mot Kvinnherad både når det gjeld hurtigbåt mot buss, men også når det gjeld ferje og buss. Leirvik som trafikknutepunkt er viktig i denne samanhengen. Trafikkplanen må jobba for ein velfungerande felles bu- og arbeidsmarknad i Sunnhordlandsregionen.

Vidare må Kystbussen og event. tilbod mellom Bergen og Stavanger integrerast i trafikkplanen, slik at fylkesgrenser ikkje er til hinder for at kollektivtrafikken blir opplevd som eit heilskapleg tilbod.

Et velfungerande kollektivtilbod må vera lett å kommunisera ut til publikum.

Lykke til i møte med Skyss.

Helsing

Anne-Grete

Dagleg leiar

Stord Næringsråd

Mob. 901 45 458

www.stordnaeringsraad.no

Fra: Liv Kari Eskeland [mailto:liv.kari.eskeland@stord.kommune.no]

Sendt: 25. september 2015 09:39

Til: Post stordnaeringsraad. no <post@stordnaeringsraad.no>; Cecilie Berger <cecilie.berger@stord.kommune.no>; Turid Fadnes <turid@fadnes.no>; 'liv. grimstvedt@hsh. no' <liv.grimstvedt@hsh.no>; Reidun Rasmussen Mjor <reidun_mjor@hotmail.com>; Astrid.Haugland@hfk.no; grethe brandsdal <grethe brandsdal@stord.kommune.no>; stein braathen <stein braathen@stord.kommune.no>

Kopi: Mariann Jacobsen Hilt <Mariann.Jacobsen.Hilt@stord.kommune.no>; Ove Kvalnes <Ove.Kvalnes@stord.kommune.no>

Emne: Fwd: Møte med Skyss 28 sept

Ber om at dette vert lagt til saka om trafikkplan

Vart vidareført i møtet med Skyss

Mvh

Liv Kari

Fra: Anna Sofie Ekeland Valvatne [mailto:annavalvatne@hotmail.com]

Sendt: 28. september 2015 01:00

Til: Cecilie Berger; Liv Kari Eskeland

Emne: Re: VS: Møte med Skyss 28 sept

Grunna sjukdom har eg diverre ikkje fått lest vedlegget, og dette blir ein haste melding.

Eg synest det er veldig viktig at bussrutene koordinerer med skulane. Dette gjeld då barneskulaa, ungdomsskular, vidaregåande skular, OG høgare utdanning. Det har vore eit stort problem at elevane ved sek forskjellige skulane må ta bussar som gjer at dei er på skule kanskje heile 1 og ein halv time før den startar, for viss ikkje kjem dei 15 min forseint kvar dag. Dette må gjerast noko med!

Ein anna ting som har me i ungdomsrådet har fått mange tilbakemeldingar på, er at det går for få bussar opp i sætrevik i sagvåg, noko som gjere det vanskeleg for ungdommar som bur i eit av kommunens største boligfelt å komme seg nokon som helst stad.

Tidlegare nemnte eg at det måtte koordinerast med skulen, men det må òg koordinerast med båtar og ferjer. Me har mange pendlarar i kommunen vår som nyttar kollektivtransport. Då er det viktig at dei kjem seg lett heim. Eit problem har t.d vore at ungdom som pendlar frå Tysnes kjem seg til ferjekaien, men så gå det ikkje ferja. Og når ferja endeleg kjem, går det ikkje buss heim på andre sida av fjorden. Her trur eg kommunikasjon er vesentleg.

Håper dette blir ført vidare på møtet, og beklagar for seint svar.

Mvh

Anna Sofie Ekeland Valvatne

Sendt fra min iPhone

Den 25. sep. 2015 kl. 11.03 skrev Cecilie Berger <cecilie.berger@stord.kommune.no>:

Fra: Randi Ankervold[randiankervold@yahoo.no] Dato: 07.10.2015 08:58:02 Til: post stord kommune Tittel: Tips bussruter

Hei,

Eg har følgende forslag til bussruter som vår husholdning hadde hatt god nytte av. Min samboer jobber som kokk på Stord Hotell. Og skiftene der har ikkje passende bussruter. Nokre dager byrjar han kl 06:00. Og kveldsskifta varer til 22:30-23:00. Me bur i Sagvåg.

Så både tidlige og seine avganger hadde gjort susen.

Helsing Randi

Sendt fra min Sony Xperia™-smarttelefon